# Handlingsplan for oppvekst 2018- 2020 (2026)

## - Sogndal kommune



**Barnets beste**

Ved alle handlingar som angår barn skal barnet sitt beste vere eit grunnleggjande syn

FNs barnekonvensjon, artikkel 3

# 2. FRAMTIDSBILETE, MÅL, ANSVAR OG FORANKRING

## Framtidsbilde

«Dei som har vakse opp i Sogndal, skal ha opplevd å vekse som trygge og aktive barn og unge med mestringsglede, som vert gagns menneskje, som har:
**MOT til å leve - MOT til å bry seg - MOT til å seie nei - MOT til å ta eigne val»**

For at barn og unge skal få oppleve dette, skal kommunale tenester, fritid og heim, **saman** gje barn og unge i Sogndal dei beste føresetnadar til å skape seg ei god framtid, der dei er rusta til å møte utfordringane som ligg der, og utfordringar som me ikkje kjenner i dag.

## Mål

Hovudmålet med oppvekstplanen er at me gjennom godt samarbeid skal sikre at alle som veks opp i Sogndal, skal ha ein god og trygg barndom, der dei får moglegheit til å realisere sitt potensiale, slik som skildra i framtidsbiletet for oppvekstsektoren i Sogndal.

Korleis skal me arbeida for å nå dette målet ?

Alt dette byggjer mot det gjennomgåande fokuset som me peikar på i oppvekstplanen:
• å sjå heile barnet og sjå kvart einskilt barn.
• samarbeid/samhandling mellom einingar.




*Sogndalsmodellen for oppvekst med barnet og føresette i sentrum* skal symbolisere at det tverrfaglege arbeidet mellom anna skal fungere som eit sikkerheitsnett for dei som veks opp i Sogndal. Sogndalsmodellen for oppvekst syner dei aktørane som er organisert i oppvekstsektoren i Sogndal, men i tillegg vil det sjølvsagt vere behov for tett samarbeid med andre aktørar internt i eigen organisasjon og eksternt.

## Prioriterte satsingsområde for denne perioden skal vera:

Risikofaktorar i barn sin oppvekst, fritid og kultur, landebyte og det samanhengande utdanningsløpet med overgangar.

## Tilsette sitt ansvar for gjennomføring av planen

For å lukkast er det viktig at alle tilsette er medviten si rolle i arbeidet og at ein kjenner til kva som står der, slik at me kan skapa det grunnlaget me ynskjer for alle barne og unge i Sogndal kommune. Meininga er at handlingsplanen skal bli eit verktøy for alle som jobbar med barn og unge i kommunen, og det er difor viktig at alle einingar drøftar og reflekterer over kva mål, tiltak og ansvarsområde ein har. Planen skal ikkje bli eit dokument som blir liggjande i ei skuff, men ein reiskap for å sjekka ut om me er det me skal vera i høve måla me set oss og tiltaka me seier me skal gjera.

Handlingsplanen skal hjelpa alle som har ansvar for barn og unge til å ha **meir MOT – SJÅ meir - HØYRA meir – HANDLA meir**

# 3. MÅL, STRATEGI OG TILTAK

## A :Risikofaktorar i barn sin oppvekst

| MÅL: Oppvekstsektoren skal alltid i vareta barn og unge, spesielt når dei er i ein utsett situasjon |
|---|

Med risikofaktorar i barn sin oppvekst meiner vi barn som til dømes er utsette for risiko som mobbing, foreldrekonflikt, vald, livskriser, familiar med økonomiske utfordringar, omsorgssvikt, rus og psykisk sjukdom. For å lykkast med dette vil det tverrfaglege samarbeidet vera heilt avgjerande for å kunne gi barnet rett og tilstrekkeleg hjelp. Det vil også vera naudsynt å arbeida kontinuerleg med gode relasjonar til det einskilde barnet, mellom barna, tilsette og i forholdet til foreldre.

| **Strategi 1: God oppfølging av føresette i svangerskapet og barn fram til skulealder** | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **TILTAK** | **ANSVAR** | **TIDSROM** | **KONKRETISERING** | **Samarbeidspartar** |
| **1. Jordmortenesta**<br>• skal vera merksam på risikofaktorar som t.d. vald og overgrep i nære relasjonar og sikre gode og tett oppfølging under og etter svangerskap i (psykisk helse). | Jordmor saman med aktuelle instansar | Kontinuerleg 2018– 2020 | • Tilby ekstra konsultasjonar og oppfølging ved behov under svangerskap<br>• Heimbesøk av jordmor . 1 – 3 dagar etter heimkomst<br>• Ein fast dag kvar veke– drop in eller etter avtale. (Lågterskeltilbod)<br>• Heimebesøk i svangerskap til dei med landebyte<br>• Tilby gravidtrening | Lege, familiekontoret, flyktningtenesta og barnevern, ISP, helsesøster, psykiatrisk sjukepleiar, psykisk helse, fysioterapitenesta |
| **2. Helsestasjon**<br>• skal sikra at risikofamiliar og andre vert følgt opp etter fødsel | Helsestasjon saman med aktuelle instansar | Kontinuerleg 2018– 2020 | • Kartlegging av barn 0 – 2 år for å fange opp barn eller familiar i risiko: (EPDS, ASQ - skjema)<br>Faste kontrollar:<br>• Spebarnskontrollar<br>• Tilby ekstra konsultasjonar etter behov | Lege, familiekontor, barnevern, barnehagar, BUP, PPT og flyktningtenesta, jordmor (overgangsskjema), psykistrisk sjukepleiar, |

| Strategi 1: God oppfølging av føresette i svangerskapet og barn fram til skulealder | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **TILTAK** | **ANSVAR** | **TIDSROM** | **KONKRETISERING** | **Samarbeidspartar** |
| | | | • Heimebesøk av helsesøster 1 – 10 dagar etter fødsel | ISP, fysioterapi, tannhelsetenesta, politi |
| • Faste undersøkingar (0 – 4 år) | | | • 14 fastekontrollar frå 0 – 4 år<br>• Førskuleundersøking med helsestasjon og lege. | |
| • Skal tilby ekstra konsultasjonar på helsestasjonen ved behov | | | • Ein fast dag kvar veke– drop in eller etter avtale. (Lågterskeltilbod – 0 – 1 år) | |
| • Foreldrerettleiing - De utrolige årene – (DUÅ) | | 4 kurs i året | • Føresettrettleiing som styrkjer ferdigheitene i høve til barna gjennom å gi føresette nokre strategiar til hjelp i kvardagen<br>• Kurs for føresette med barn i alderen 3 – 6 år | |
| **3. Barnehage**<br>• Arbeide med førebyggjande tiltak i høve barn i risiko, både med systemarbeid og på individnivå | Barnehage saman med aktuelle instansar | | • System for skulering av tilsette i høve risikofaktorar (ein plan i barnehagen)<br>• Plan for psykisk helse i barn og unge – kompetanseheving (basiskompetanse) | Helsestasjon, lege, barnevern, PPT, familievernkontoret, PPT, skule (ved overgang) og flyktningtenesta |
| • Gjere tilsette i stand til å handle og kjenne til dei retningslinjer dei er sett til å jobbe ut i frå. | | | • Kunne sjå og ta tak i risikofaktorar<br>(jf. definisjon på risikofaktorar)<br>• Utarbeide og trygge tilsette på planar og retningslinjer for den einskilde eininga som er | |

| Strategi 1: God oppfølging av føresette i svangerskapet og barn fram til skulealder | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **TILTAK** | **ANSVAR** | **TIDSROM** | **KONKRETISERING** | **Samarbeidspartar** |
| | | | i tråd med kommunale og nasjonale føreskrifter<br>(mobbing, tiltaksplanar i høve oppmelding til barnevern og PPT) | |
| • Jobbe kontinuerleg med foreldresamarbeid | | | • Tydelege på kva ein skal forvente av føresette og kva føresette skal forvente av barnehagen, jf. barnehagen sin plan for foreldresamarbeid.<br>• DUÅ – de utrolige årene | |
| Lenkjer:<br>http://dua.uit.no , Barn og unge i fokus, Meldeskjema barnevern, Meldeskjema PPT 0 - 6 år, Samtykkeskjema barn og unge | | | | |

| Strategi 2: God oppfølging av det einskilde barnet (6 – 18) , og vera med å gi det moglegheit til å realisere seg sjølv. | | | | |
|---|---|---|---|---|
| TILTAK | ANSVAR | TIDSROM | KONKRETISERING ( korleis) | SAMARBEIDSPARTAR |
| **1. Helsestasjon / skulehelsetenesta**<br>• skal sikra at risikofamiliar og andre vert følgt opp i skulealder | Helsestasjon saman med aktuelle instansar | Kontinuerleg 2018– 2020 | • PIS – gruppe (barn av skilde foreldre)<br>• Kartlegging av alle barn i 3. og 6.klasse for å fange opp barn eller familiar i risiko: (trivsel, vekst)<br>• Samlivsundervising 10.klasse | Lege, familiekontor, barnevern, skule, BUP, PPT, ungdomsavdelinga, psykiatrisk sjukepleiar, fysioterapeut og flyktningtenesta |
| • Skal tilby ekstra konsultasjonar på helsestasjonen og på skulane ved behov | | | • Kontinuerlege samtalar og oppfølging av barn med risikofaktorar (gruppe og støttesamtalar)<br>• Open dør<br>• Lågtersketilbod om støttesamtalar til foreldre<br>• Psykiatrisk sjukepleiar – rettleiing til tilsette, støttesamtalar og gruppesamtalar | |

| **Strategi 2: God oppfølging av det einskilde barnet (6 – 18) , og vera med å gi det moglegheit til å realisere seg sjølv.** | | | | |
|---|---|---|---|---|
| • Foreldrerettleiing - De utrolige årene – (DUÅ) | | | • Føresettrettleiing som styrkjer ferdigheitene i høve til barna gjennom å gi føresette nokre strategiar til hjelp i kvardagen.<br>Kurs for føresette med barn i alderen 3 – 6 år | |
| • Prosjekt / arbeid saman med andre | | | • Zippys venner<br>• Psykologisk førstehjelp<br>• MOT<br>• DUÅ - kurs for føresette med barn i alderen 6 - 12 år – samarbeid med BUP<br>• SMISO – klasseundervising (førebygging og handtering av seksuelle overgrep) | |
| **2. Skule 6- 18 år**<br>• Arbeide med førebyggjande tiltak i høve barn i risiko, både med systemarbeid og på individnivå. | Skule saman med aktuelle instansar | | • Tilby godeførebyggjande program<br>- Zippys venner (1. – 4. )<br>- Psykologisk førstehjelp (5. – 10.kl)<br>- MOT<br>- Prosjekt LOS | Helsestasjon, lege, barnevern, PPT, familievernkontoret, PPT, barnehage og vidaregåande skule (ved overgangar), ungdomsavdelinga, politi, BUP, fysioterapi, NAV, ISP og flyktningtenesta |
| • Gjere tilsette i stand til å handle og kjenne til dei retningslinjer dei er sett til å jobbe ut i frå. | | | • System for skulering av tilsette i høve risikofaktorar<br>• Kunne sjå og ta tak i risikofaktorar<br>(jf. definisjon på risikofaktorar)<br>• Utarbeide og trygge tilsette på planar og retningslinjer for den einskilde eininga som er i tråd med kommunale og nasjonale føreskrifter<br>(mobbing, tiltaksplanar i høve oppmelding til barnevern og PPT) | |

| Strategi 2: God oppfølging av det einskilde barnet (6 – 18) , og vera med å gi det moglegheit til å realisere seg sjølv. | | | | |
|---|---|---|---|---|
| • Jobbe kontinuerleg med foreldresamarbeid | | | Tydelege på kva ein skal forvente av føresette og kva føresette skal forvente av skulen, jf. skulen sin plan for foreldresamarbeid. | |
| Lenkjer: http://dua.uit.no, Barn og unge i fokus, www.mot.no, Meldeskjema barnevern , Meldeskjema PPT 1. - 10.klasse, Meldeskjema PPT - vidaregåande opplæring, Samtykkeskjema barn og unge | | | | |

| Strategi 3:Sikre kontinuerleg arbeid frå alle instansar som er viktige for barn og unge med risikofaktorar | | | | |
|---|---|---|---|---|
| TILTAK | ANSVAR | TIDSROM | KONKRETISERING ( korleis) | SAMARBEIDSPARTAR |
| **1. Barnevern**<br>• Støttespelar til tilsette som jobbar med barn og unge i kvardagen | Tilsette i barnevern<br>Tenesteleiar / kommunalsjef | Kontinuerleg | • Lågterskeltilbod – anonyme saker. Uforpliktande rådgiving. Teieplikt.<br>• Fag oppvekst (1 gong pr. år). Aktuelle tema i tverrfagleg perspektiv. | Barnehage, skule, helsestasjon, ungdomsavdelinga, politi, PPT, fysioterapi, NAV, flyktningtenesta og ISP |
| • Gjere tilsette i stand til å handle og kjenne til dei retningslinjer dei er sett til å jobbe ut i frå. | Tenesteleiar | Kontinuerleg | • System for skulering av tilsette i høve risikofaktorar<br>• Kunne sjå og ta tak i risikofaktorar<br>(jf. definisjon på risikofaktorar)<br>• Utarbeide og trygge tilsette på planar og retningslinjer for den einskilde eininga som er i tråd med kommunale og nasjonale føreskrifter | |
| **2. PPT**<br>• Støttespelar til tilsette med jobbar med barn og unge i kvardagen | Tilsette<br><br>Tenesteleiar / kommunalsjef | Kontinuerleg | • Lågterskeltilbod – anonyme saker. Uforpliktande rådgiving. Teieplikt<br>• Fagdagar ( 1 gong pr. år). Aktuelle tema i tverrfagleg perspektiv. | Barnehage, skule, helsestasjon, ungdomsavdelinga, politi, barnevern, BUP, |

| Strategi 3:Sikre kontinuerleg arbeid frå alle instansar som er viktige for barn og unge med risikofaktorar | | | | |
|---|---|---|---|---|
| • Gjere tilsette i stand til å handle og kjenne til dei retningslinjer dei er sett til å jobbe ut i frå. | Tenesteleiar | Kontinuerleg | • System for skulering av tilsette i høve risikofaktorar<br>• Kunne sjå og ta tak i risikofaktorar<br>(jf. definisjon på risikofaktorar)<br>• Utarbeide og trygge tilsette på planar og retningslinjer for den einskilde eininga som er i tråd med kommunale og nasjonale føreskrifter | barnerehabilitering, NAV, vidaregåande opplæring |
| **3. Ungdomsavdelinga**<br>• Sikre eit velfungerande ungdomsdemokrati | Ungdomsleiar | | • Sikre høg deltaking til val av ungdomsråd, og gode representantar som ynskjer å gjera ein god jobb for barn og unge i Sogndal | Elevråda på skulane, kommunalsjef og politisk nivå |
| • Skal bidra med lågterskel førebyggjande tiltak | Ungdomsleiar – andre tilsette i ungdomsavdelinga | | • MOT – styrkje elevane si psykiske helse og sosiale kompetanse (13 – 18 år)<br>• LOS - funksjon : Utekontakt, fylgje opp elevar med skulevegring, skapa ein trygg plass for ungdom (ein plass å henga), kontakt inn mot dei einsleg mindreårige flyktningar, ta kontakt med ungdom som er einsame (Jf. retn.linjer LOS – funksjon). | Skulane, helsestasjon, barnevern, flyktningtenesta, politiet |
| • Ferieaktivitetar | Ungdomsleiar | Sommar, haust og vintermoro | Tilby alle, men spesielt barn og unge med risikofaktorar aktivitetar i ferie. | Skule, elevråd, helsestasjon, flyktningtenesta og barnevern |
| • Open skule – Sogndal vidaregåande | Ungdomsleiar | 2 dagar i veka | Aktivitetar og god mat for elevar i vidaregåande skule. | Sogndal vidaregåande, helsestasjon, barnevern |
| **4. Bibliotek**<br>• Bidra med auka kunnskap og forståing | Tilsette på biblioteket. | | • Finne materiell som er tilpassa utfordringane det einskilde barn og ungdom har, for å hjelpe, generalisere og sjå moglegheiter for seg sjølv eller andre | Alle einingar som jobbar med barn og unge i kommunen. |

| Strategi 3:Sikre kontinuerleg arbeid frå alle instansar som er viktige for barn og unge med risikofaktorar | | | | |
|---|---|---|---|---|
| for barn og unge i ein utsett situasjon | | | | |
| 5. **Helse – fysioterapi** Jobbe systematisk med barn og unge si fysiske helse og psykiske helse | Barne - fysioterapeut | Kontinuerleg | • Kartlegging og oppfølging av barn og unge med risikofaktorar<br>• Testing med AIMS – test 0 – 18 mnd. og MABC – test for 3 – 16 år<br>• Oppfølging individuelt og i gruppe | Helsestasjon, jordmor, barnehage, skule, friskliv |
| 6. **Flyktningtenesta** | Leiar flyktningtenesta | Kontinuerleg | • Oppstartssamtale med alle nyankomne flyktningar(tverrfagleg).<br>• Oppfølging av familiar med barn og unge med risikofaktorar. | Helsestasjon, lege, frisklivssentralen, barnehage, skule, PPT, barnevern, BUP, sjukehusa, |
| Lenkjer:<br>Frisklivssentralen | | | | |

| Strategi 4: Oppvekstsektoren skal samhandle godt og sjå på barn og unge som vårt felles ansvar | | | | |
|---|---|---|---|---|
| TILTAK | ANSVAR | TIDSROM | KONKRETISERING ( korleis) | SAMARBEIDSPARTAR |
| • Einingane i oppvekstsektoren skal samhandle godt ved barn og unge med risikofaktorar.<br>• Oppvekstsektoren skal kjenne til eksisterande kompetanse og behov for kompetanseutvikling | Kommunalsjef – rådgivar oppvekst | Møteplan for dei ulike møta | • Oppvekstmøte<br>Alle einingane i oppvekst representert + flyktning og koordinerande eining | Alle som arbeider med barn og unge i Sogndal kommune. |
| | | | • HSP møte<br>Skule, barnehage, PPT, barnevern og helsestasjon | |
| | Koordinator | | • Ansvarsgruppemøte<br>Aktuelle samarbeidspartar for den einskilde | |

| Strategi 4: Oppvekstsektoren skal samhandle godt og sjå på barn og unge som vårt felles ansvar | | | | |
|---|---|---|---|---|
| oppgåver og vera klar for morgondagens utfordringar. | Kommunalsjef – rådgivar oppvekst | | • Samarbeidsmøte helsestasjon, barnevern, PPT og ungdom<br>Barnevern, PPT, helsestasjon og ungdomsavdelinga | |
| | | | • Kriseteam – tilsette frå ulike einingar som er klar når uforutsette hendingar oppstår | |
| | | | • SLT<br>Politi, skule, barnehage, ungdomsavdelinga, barnevern, politisk nivå | |
| | Alle einingsleiarar | | • Felles forståing for at alle må ta kontakt og etterspørje, få råd og rettleiing hjå kvarandre. | |
| | Ressursperson BTI | | • Nytte BTI – som ein reiskap for å sikre god og tidleg oppfølging ein den einskilde | |
| | | | • Koordinerande eining | |
| Lenkjer:<br>Samtykkeskjema barn og unge, Meldeskjema barnevern, Informasjon om BTI | | | | |

## B: Kultur og fritid

| **MÅL: Sogndal kommune skal ha eit inkluderande kulturliv for alle** |
|---|

For det store fleirtal av barn som veks opp i Sogndal, vil møtet med Sogndal kommune utanfor barnehage- og skuletid vere i fritida og gjennom tilgjengeleg offentleg og frivillig fritids- og kulturtilbod. Dette er også i tråd med FN sin barnekonvensjon. Alle barn og unge, uansett føresetnader, skal ha moglegheiter til å delta i meiningsfylte kultur- og fritidsaktivitetar.

| Strategi 1: Me skal ha gode, tilgjengelege framtidsretta bibliotektenester tilpassa brukarane sitt behov | | | | |
|---|---|---|---|---|
| ME SKAL HA : | ANSVAR: | TIDSROM | KONKRETISERING | SAMARBEIDSPARTAR |
| 1.Vere ein møtestad for barn og unge | Bibliotek.<br>Ungdomsavd. | Mån. og torsdag ope til kl. 19<br>September<br>Sept. / oktober<br><br>Heile året | • Sommarles - fest<br>• Nynorsk barnebokfest<br>• Ein stad å vere utan noko spesielt mål | Kulturhuset,<br>nynorsksenteret |
| 2.Ha tiltak som gir auka leseglede og kunnskap | Bibliotek,<br>Barnehage.<br>Skule | 1.juni – 31. aug.<br>Skule/bhg-året | • Sommarles 1. – 7. klasse<br>• Eigne formidlingstiltak kontinuerleg i barnehage og skule | Føresette,<br>barnehage og skule + + |
| 3.Vere ein ressurs for andre einingar | Bibliotek | Heile året | • Vere oppdaterte på aktuelt materiell knytt til ulike utfordringar / problemstillingar for barn og unge<br>• Vere behjelpeleg med å skaffe litteratur for ulike fagfelt (fag/ skjønnlitteratur)<br>• «Nyheitsbrev frå biblioteket» - aktuell litteratur som leiar legg på fellesområdet…? | Barnehage, skule,<br>helsestasjon<br><br><br>Barnehage / skule<br>Styrarar i bhg, rektorane,<br>skulebibliotekansvarlege |

| Strategi 1: Me skal ha gode, tilgjengelege framtidsretta bibliotektenester tilpassa brukarane sitt behov | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 4.Gi gode tilbod til barn og unge med minoritetsbakgrunn | Bibliotek.<br>Helsestasjon<br>Skule | Heile året | • Delta i regnbogegruppe – stimulera til lesing / språkutvikling<br>• Finne litteratur på eige morsmål<br>• Finne lettlesen litteratur på norsk<br>• Digitale kjelder | Helsestasjon<br><br>Helsestasjon, BHG, skule, føresette |

| Strategi 2: Me skal gje lågterskeltilbod til barn og unge, som sikrar inkludering og motarbeider utanforskap | | | | |
|---|---|---|---|---|
| ME SKAL HA: | ANSVAR: | TIDSROM | KONKRETISERING | SAMARBEIDSPARTAR |
| Aktivitetstilbod for ungdom | Ungdomsavd. | Haust, sommar, vinter | - Ferieaktivitetar 5. – 10. trinn<br>- | Skule, barnevern, flyktning, vid.skule, frisklivssentralen |
| | | Skuleåret | - Leksehjelp | Bibliotek, frivillige – Tone sjekk ut |
| | | Onsdag | - Open kveld | VGS |
| | | Annakvar laurdag | - Ungdomsklubb | Skule |
| | | Torsdag | - MOT-klatring | Klatreklubb |
| | | Skuleåret<br>Skuleåret | - Danseverkstad frå 1.kl-3.kl.vgs<br>- Musikkverkstad<br>- UKM | Kulturskulen<br>Andre kommunar, kulturskulen |
| MOT | Ungdomsavd. | Skuleåret<br>Oktober/ November<br><br>September | - MOT besøk i ungdomsskule (sjå link for innhald)<br>- Utdanning av unge MOTivatorar<br><br>- MOT-helg arrangert av ung MOTivator | Skule/ Sogndal Fotball |

| Strategi 2: Me skal gje lågterskeltilbod til barn og unge, som sikrar inkludering og motarbeider utanforskap | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | - MOT til å glede dagen | |
| Godt fungerande ungdomsråd | Ungdomsavd. | Skuleåret | - Rettleie og informera leiar og rådet.<br>- Informere om saker ved høyring.<br>- Få møtekalender, saksliste og referat inn i saksarkivet.<br>- Rådet skal tale og representere alle ungdommane i Sogndal. | Kommunalsjef oppvekst/ ordførar/ kommunestyre |
| God integrering av minoritetsspråkelege elevar | Ungdomsavd. | Etter informasjon frå flyktning / skule | - Flyktning tek kontakt med aktuell barnehage / skule | Andre instansar som barnet / ungdomen er i kontakt med |
| | | | - Flyktningven | Ungd.avd, flyktningtenesta og frivilligsentralen |
| Kriminalitetsførebyggjande tiltak | Ungdomsavd.<br><br>Frisklivssentralen | 10 vekers kurs gjennom skuleåret | - SLT<br>- Helsefremmande arbeidsgruppe<br><br>- Arbeid med holdningsendring ifht rus i lokalsamfunnet<br><br>- Mestringskurs for ungdom (KiD/DU)<br><br>- Førebyggjande arbeidsgruppe mot VGS-elevar | Skule, politi, rus, helsesøster Prest, høgskule, psykisk helse, frisklivssentralen Politi, høgskulen, lokale bedrifter/organisasjonar.<br><br>Miljøkoordinator, helsesyster, frisklivssentralen, ungdomsavdeling og rusteamet. |
| Oppsøkande ungdomsarbeid | | | - LOS<br>- Einskildsamtalar<br>- Tilretteleggje for fritidssysler for enkelte<br>- Utekontaktar på store ute-kveldar | Skule, politi, helsesyster |

| Strategi 3: Me skal ha ein profesjonell kulturskule som sikrar både breiddesatsing og spissa talentutvikling | | | | |
|---|---|---|---|---|
| ME SKAL: | ANSVAR: | TIDSROM | KONKRETISERING | SAMARBEIDSPARTAR |
| Ha gode opplæringstilbod til barn og unge som fører til meistringskjensle | Kulturskulen | Kontinuerleg | Viser til lenke med oversikt over tilbod kulturskulen gir (Aktivitetstilbod til barn og unge i Sogndal kommune) | Skule, SFO |
| | | | | |

| Strategi 4: Me skal ha ei skulefritidsordning som bidreg til å ruste barn med dei ferdigheiter dei treng i livet | | | | |
|---|---|---|---|---|
| ME SKAL: | ANSVAR: | TIDSROM | KONKRETISERING | SAMARBEIDSPARTAR |
| | | | | |
| | | | | |

| Strategi 5: Me skal gi innbyggjarane ei god oversikt over fritidsaktivitetar for barn og unge, samt har ein god dialog med andre institusjonar og frivillige organisasjonar | | | | |
|---|---|---|---|---|
| ME SKAL: | ANSVAR: | TIDSROM | KONKRETISERING | SAMARBEIDSPARTAR |
| Jobbe for å gi alle eit tilbod uavhengig av sosiale og økonomiske føresetnader | Oppvekstleiarar – tilsette Frivillige organisasjonar | Kontinuerleg | - Fange opp elevar i risikosona<br>- Opplevingskortet<br>- | Frivillige organisasjonar, tenester i oppvekst og sosialeiningane |
| Ha oppdaterte aktivitetstilbod på heimesida | Oppvekst | Kontinuerleg | - Oppdatere heimesida slik at alle kan få informasjon om kva aktivitetar me har til barn og unge i Sogndal | |
| Treffpunkt med frivillige organisasjonar | Kommunalsjef oppvekst | 2 gonger pr. år | - Idrettsråd<br>- Frivillige organisasjonar | |
| | | | | |
| Lenker: Aktivitetstilbod for barn og ungdom i Sogndal kommune og MOT - Aktivitetsplan | | | | |

## C: Landebyte

**MÅL: Barn og unge som har gjennomført landebyte skal inkluderast**

Sogndal kommune er mangfaldig, og det er mange som kjem flyttande hit frå andre land, anten det er gjennom arbeidsinnvandring, som asylsøkjar eller som flyktning. Tal frå helsestasjonen syner at om lag 20% av barn som er fødde i Sogndal, er frå familiar som har gjort landebyte. For å gjera eit godt arbeid med barn som har gjort landebyte, legg me til grunn at me må sikre heilskaplege og ikkje- fragmenterte tenester, der det er rom for å sjå heile menneske. Me må og ha eit tverrfagleg fokus der det å førebyggje er mykje betre enn å reparere.

| Strategi 1: Me skal ha eit godt system for minoritetsspråklege barn og unge sitt første møte med Sogndal | | | | |
|---|---|---|---|---|
| ME SKAL HA : | ANSVAR: | TIDSROM | KONKRETISERING | SAMARBEIDSPARTAR |
| 1. Gode mottaksrutinar | Flyktning | Snarast | - Prosedyre for første møtet | Einingar familien er i kontakt med |
| 2. Oppstartssamtale | Helsestasjon, barnehage, skule | Før barnet startar i bhg / skule | Bruka prosedyren som er laga for oppstartssamtale i barnehage/ skule og helsestasjon. | Flyktningtenesta + helsestasjon, ungdomsavdelinga |
| 3. Rutinar for mottak av barn / ungdom for fritid og aktivitetstilbod | Flyktning (Ungdomsavdelinga / skule) | Etter informasjon frå flyktning / skule | - Prosedyre - | Andre instansar som barnet / ungdomen er i kontakt med |
| 4. Opplæring til bruk av tolk | Flyktning | Kontinuerleg | - Flyktning kan og vil dela på informasjon / kunnskap om korleis nytte tolk i kommunikasjon med minoritetsspråklege (opplæring) | Alle som nyttar tolk og som les / går gjennom prosedyrar |

| Strategi 2: God informasjonsflyt mellom einingane og koordinerte tenester som i varetek eit heilskapleg fokus | | | | |
|---|---|---|---|---|
| ME SKAL HA: | ANSVAR: | TIDSROM | KONKRETISERING | SAMARBEIDSPARTAR |
| 1. Ei intergreringsgruppe der informasjonen vert delt og forstått<br><br>- Trygga tilsette i nytten av foreldresamarbeid ved dialog og kunnskapsbygging | **Leiar m/** Kontaktperson frå skule, barnehage, flyktning, ungdomsavd. og helsestasjon | Etter nedsett frekvens med moglegheit for hyppigare møte | -Både informasjon i høve saker og samla ressursutnytting / utvikling av tenester<br>-Utarbeide ein felles plan for norskopplæring i oppvekstsektoren.<br><br>-Temadagar<br>-Bruk av tolk i møter / samtalar<br>-Lage produsere skriv / oppslag oversett til ulike språk | Dra inn relevant kunnskap og erfaring frå interne og eksterne jamfør behov.<br><br>Brukarmedverknad |
| 2. Samtykkeskjema i oppstarten av den første samtalen | Den som er først i kontakt med familien | Jamleg | Flyktning: Skjema som me fyller ut ved å krysse av kven ein ynskjer å samarbeide med og om kva<br><br>Arbeidsinnvandring :skule, BHG, helsestasjon | Skule, BHG, helsestasjon, fysio, bibliotek, ungdomsavdelinga |
| 3. Følgje prosedyre for overgangar - barnehage / skule, gjennom utdanningsløpet og til vidaregåande opplæring. | Bhg. / skule / vidaregåande/ norskopplæringa | Januar → Før med barn med spesielle behov + §2-8 | Plan for overgang barnehage – skule, internt i skule og grunnskule – vidaregåande opplæring / norskopplæringa | Skule og BHG. + evt andre instansar dersom det er barn med spesielle behov eller 2.språklege som treng ekstra tilrettelegging. |
| 4. Oppfølgingssamtalar med fokus på foreldresamarbeid – barnehage / skule ( prosedyre) | Barnehage / skule | Følgje prosedyre for oppfølging – samt ved behov | - Oppfølging etter ei viss tid der ein tek opp konkrete spørsmål | Barnehage, skule og helsestasjon |

| Strategi 3: Tenestene skal ha kompetanse og kapasitet innan sitt fagfelt til å ivareta minoritetsspråklege barn og deira familie sitt behov for til dømes språkinnlæring og sosial kompetanse | | | | |
|---|---|---|---|---|
| ME SKAL: | ANSVAR: | TIDSROM | KONKRETISERING | SAMARBEIDSPARTAR |
| 1. Utarbeide gode rutinar for samtalar og bruke tolk når det er nødvendig | Alle som har ansvar for minoritetsspråklege barn og unge | Jamleg | • Følgje rutinane / prosedyrane<br>• Ta kontakt med flyktningtenesta for opplæring for bruk av tolk | Interne / eksterne |
| 2. Gi kunnskap og trygge tilsette i nytten av foreldresamarbeid og foreldrerettleiing og kven i kommunen som kan bistå ved utfordringar i høve einskildbarn / elevar | Oppvekst - tenesteleiarar | Jamleg | • Nytte kvarandre sin kunnskap og erfaringar gjennom dialog og bruk av dei prosedyrar som er laga | Interne / eksterne |
| 3. Oppdatere informasjonsbanken vår på ulike språk - | Barnehage, skule – helsestasjon (leiarar) | Jamleg | • Gjerne denne lett tilgjengeleg for skule / barnehage<br>• Nytte oppvekstmøte | Interne / eksterne |
| 4. Styrkje helsetilbodet / foreldrerettleiing til barn, ungdom og føresette | Helsestasjon - jordmor | Jamleg | - Svangerskapskurs for foreldre med landebyte – foreldreførebuande kurs<br>- Tilbod om heimebesøk i svangerskapet<br>- Regnbogegruppe – helserelaterte tema | Barnevern, skule, norskopplæringa, barnehage, flyktning, fysioterapi |
| 5. Utarbeide ein lokal/ felles plan for norskopplæring i grunnskulen | Oppvekst - skule | Når ein har konkludert med organisering og innhald | • Eigen plan felles bhg – skule 2019 / 2020 | Barnehage, skular, norskopplæringa, helsestasjon (eksterne) |
| 6. Utarbeide ein lokal plan for minoritetsspråklege barn i barnehage? | Oppvekst - barnehage | | • Eigen plan felles bhg – skule 2019 / 2020 | Barnehage, skular, norskopplæringa, helsestasjon (eksterne) |

| Strategi 4: Einingane i kommunen skal ha fokus på mangfald som ressurs | | | | |
|---|---|---|---|---|
| ME SKAL: | ANSVAR: | TIDSROM | KONKRETISERING | SAMARBEIDSPARTAR |
| 1. Synleggjere det fleirkulturelle på ein positiv måte | Tenesteleiarar og andre tilsette i oppvekst | Jamleg | - i samråd med føresette nytte ord og bilete på avdelingane våre<br>- - | Interne / eksterne |
| 2. Tema i barnehage og skule som framhevar det fleirkulturelle på ein positiv måte. | Tenesteleiarar + andre tilsette i barnehage og skule | Jamleg | - | Interne / eksterne |
| 3. Informere andre føresette om tema som kan byggje opp under forståing og respekt for det fleirkulturelle – barnehage og skule | Tenesteleiarar + andre tilsette i barnehage og skule | Jamleg | - Eit tema skal vera relatert til utfordringar / ting / ynskjer…. Den minoritetsspråklege har lyst å dela / viktig for andre å vita…..<br>- | Interne / eksterne |
| • Lenker:<br>• Minoritetsspråklege elevar\Barnehageoppstart prosedyre<br>• Sjekkpunkt for oppstart i barnehage ( er oversett til 5 ulike språk)<br>• Minoritetsspråklege elevar\Oppstart skule<br>• Minoritetsspråklege elevar\Sjekkpunkt for oppstart på skule<br>• Tolkesamtale<br>• Mandat integreringsteam<br>• Samtykke til tverrfagleg samarbeid om barn og unge | | | | |

## D: Det samanhengande utdanningsløpet med overgangar

**MÅL: Me skal gjennom utdanningsløpet sikre at barn og unge får eit samordna og heilskapleg oppveksttilbod, der overgangar er positive, trygge og føreseielege prosessar.**

Me ynskjer å leggje til rette for eit heilskapleg utdanningsløp, der me har høve til at den einskilde institusjon har sin eigenart, samstundes som at alle opplever at dei har gått i Sogndalsbarnehagen eller Sogndalsskulen. Me skal og samordne tenestene våre i oppvekstsektoren godt opp mot andre samarbeidspartar som norskopplæringa og Sogndal vidaregåande skule.

| Strategi 1: Me skal gjennom utdanningsløpet sikre at barn og unge får eit samordna og heilskapleg oppveksttilbod | | | | |
|---|---|---|---|---|
| ME SKAL : | ANSVAR: | TIDSROM | KONKRETISERING | SAMARBEIDSPARTAR |
| 5. Saman med private barnehagar i kommunen og regionsamarbeidet skal me byggje vidare på «Sogndalsbarnehagen» | Kommunalsjef oppvekst Tenesteleiar BHG | Kontinuerleg | - Fagnettverk<br>- Felles styrarmøte<br>- Felles prosjekt som årleg felles personal og foreldremøte<br>- | Kommunale og private barnehagar i kommunen Region |
| 6. Halde fram med å byggje Sogndalsskulen, med rom for ein eigenart for den einskilde skule | Kommunalsjef oppvekst / tenesteleiar | Kontinuerleg | - Felles satsing – IBOS, felles retningslinjer og vedtekter, planar<br>- IKT<br>- | Alle skulane i kommunen, regionen |
| 7. Ha gode prosessar for tverrfagleg samarbeid til beste for barnet i no tid og framtid | Kommunalsjef oppvekst Tenesteleiarar på dei ulike einingane | Kontinuerleg | - Bruka oppvekstmøte som ein delings – og utvikingsarena<br>- Ha gode tverrlege oppdaterte planar som reiskap for tilsette i oppvekstsektoren<br>- Gode møtearena på tvers for individ- og systemnivå<br>- Nytte BTI – som ein reiskap for å sikre god og tidleg oppfølging ein den einskilde | Alle leiarar oppvekst, BUP, |
| Lenker<br>• Informasjon om BTI<br>• Inkluderande barnehage og skulemiljø        IKT - reglement - skule | | | | |

| Strategi 2: Leggje til rette for positive, trygge og føreseielege prosessar i overgang mellom barnehage – grunnskule og vidaregåande opplæring | | | | |
|---|---|---|---|---|
| ME SKAL : | ANSVAR: | TIDSROM | KONKRETISERING | SAMARBEIDSPARTAR |
| 1. Sikre gode rutinar for alle overgangar i utdanningsløpet | Kommunalsjef oppvekst<br>Tenesteleiarar skule og BHG<br>Rektor vidaregåande | Kontinuerleg | - Nytte samtykkje – skjema ved overgangar<br>- Følgje oppdaterte prosedyrar for overgangar<br>- | FAU, oppvekstmøte, |
| Lenker:<br>• Samtykke til tverrfagleg samarbeid om barn og unge<br>• Overgang barnehage - skule<br>• Overgang frå Trudvang til Kvåle og frå 7. - 8. trinn Kvåle skule<br>• Prosedyre for skift av skule internt i kommunen | | | | |